



Ordføraren sitt hjørna – Juni 2009

Som de sikkert veit blir det asylmottak på Hemsedal Hotell likevel. Fylkesmannen har gjort om kommunen sitt vedtak om bruksendring på eigedommen, og Fylkesmannen sitt vedtak er endeleg og kan ikkje påklagas. Einaste kravet til eigarane av hotellet er at dei skjermar eigedommen mot riksvegen, slik Statens Vegvesen har krevd. UDI har opplyst at dei har godkjent eit tilbod frå driftsselskapet på 126 flyktningar, det er nokre fleire enn i søknaden til kommunen på bruksendringa .

Kommunen veit ikkje kva type asylantar som kjem, berre at det blir plassering frå midt i august. Det er ikkje lett å planlegge ut i frå dette.

Fylkesmannen avgjorde denne saka på ei veke frå dei mottok dokumenta frå kommunen.

Det syner at saker kan handsamast fort når dei vil. Dette står i skarp kontrast til erfaringar me har når det gjeld tidsbruk på reguleringsaker og saker generelt. Då går det månadsvis før me får avklaringar. Det er mange i bygda som ventar på avgjerd på saker som for dei og oss er viktige, men her er det berre å vente. Me får tru at dette er starten på ein ny trend frå Fylkesmannen når det gjeld sakshandsamingstid. Overkøyring av lokale vedtak er me vane med frå før, så slik sett var det ikkje noko nytt, men det er beklageleg at slikt skjer.

Kommunen har tatt initiativ til eit møte med driftsoperatøren av asylmottaket tysdag i neste veke. Me vil gjerne prøve å finne ut mest mogleg om opplegget deira, slik at me veit kva me har å førehalde oss til, så tidleg som mogleg. At det blir ekstrabelastning på mykje av tenesteapparatet reknar me som sikkert. Kor mykje vil framtida syne, og me føler oss ikkje klare til dette. Det er for mykje uvisse.

Eg skreiv i eit tidlegare hjørna kva me kan venta oss av ny asfalt på vegane i sommar. Det er ingen endring i det, og arbeidet blir gjort etter ferien. Eg skriv då også at me vil prøve å få til eit sikrere fotgjengarfelt på Ulsåk, men det var ingen enkel sak. R52 er stamveg, og på stamvegar er det strenge reglar for "slike inngrep". Det må vera i samband med sentrumstiltak slik som i Trøim, eller knytt opp til trafikktryggleiksplanar. Slik plan ligg ikkje føre for Ulsåk, så noko fartsdempande tiltak blir ikkje gjort denne gongen. Det vart sagt frå vegvesenet at det er opp til politiet og fartskontrollar å få bilistane til å respektere fartsgrensa som gjeld.

Formannskapet fekk på siste møte ei orientering om framdrifta for bygging av gangveg langs Kyrkjebøensvegen. Me fekk opplyst at tiltaket er under prosjektering, og at grunnkjøp og oppmålingar fyrst kan skje når prosjekteringa er ferdig. Det er fyrst då dei veit eksakt kor mykje areal som trengs. Dette blir gjort no i sommar og haust, og formannskapet fann på grunnlag av desse opplysningane det mest fornuftig at sjølv bygginga blir gjort til neste sommar. Det er uråd å drive med vegarbeid vinterstid med såpass mykje trafikk som den vegen har, og situasjonen for dei gåande vil i ei anleggsperiode vinterstid bli farlegare enn nokon gong. Så til neste sommar-----..

Med ynskje om ein fin sommar!

Helsing Oddvar Grøthe
ordførar